

Versjon nr.:4	Sist oppdatert: våren 2019	Endra av: Frode Kristian Grøtnebø
<h2>Rådgjevingstenesta</h2>		
Kort om:	<p>Alle vidaregåande skular har ei sosialpedagogisk rådgjevingsteneste og ei utdannings- og yrkesrådgjevingsteneste. Tenesta skal samarbeide med kontaktlærar, pedagogisk-psykologiske tenesta (PPT) og oppfølgingstenesta (OT) om sosialpedagogiske tema og arbeidslivskontakt og kontaktlærar om utdannings- og yrkesrådgjeving. Rådgivarane i skulen og dei tilsette i PPT og OT har teieplikt når det gjeld opplysningar av privat og personleg karakter.</p> <p>Lærlingar og lærekandidatar kan kontakte rådgjevingstenesta, PPT eller OT, eventuelt via fagopplæringskontoret, for å få rådgjeving og rettleiing.</p> <p>Informasjon om kva oppgåver rådgjevartenesta skal yte er lett tilgjengeleg på nettsider, oppslagstavler, sosial medium m.m</p> <p>Rådgjevartenesta skal i starten av kvart skuleår informere alle elevane om tenesta, kva den kan hjelpe elevane med og tilby individuelle samtalar.</p> <p>Rådgjevingstenesta skal samarbeide med faglærarar og kontaktlærarar for å sikre informasjonsarbeidet i overgang mellom Vg1 og Vg2 og at elevane får informasjon om ulike Vg2 tilbod.</p> <p>Skulen skal sikre at elevane har gjennomført rådgjeving/karrieresamtale før vg3. For elevar som går yrkesfag skal samtalen innehalde informasjon om moglegheiter for høgare utdanning, som fagskule og vg4.</p> <p>Fylkesdirektøren vil presisere at yrkes- og karriererettleiing er eit ansvar som alle tilsette i vidaregåande opplæring har. Særleg er kontaktlærarar og faglærar viktige rådgjevarar både om yrkesval, arbeidsliv og utdanning.</p>	
Kompetanseheving:	<p>Næringsreise: Vert arrangert kvar haust. Deltakarane på næringsreisene er rådgjevarar i både grunnskule og vidaregåande, arbeidslivskontaktar og Nav-tilsette. Målet er å gje dei eit grundig innblikk i kva moglegheiter som finst på både arbeids- og utdanningsfronten ulike stadar i fylket.</p> <p>Rådgjevarsamling: Ein gong pr. år, der innhaldet gjeld innsøking og rutinar til det kommande skuleåret. Dersom endringar i lov og forskrift som har verknad for søkjarane, vert dette presentert. I tillegg blir rådgjevarsamling nytta til fagleg oppdatering.</p> <p>Fagdag: Ulike aktuelle tema som er viktig både for sosialpedagogisk rådgjevingsteneste og utdannings- og yrkesrådgjevingsteneste vert arrangert i høve aktuelle tema.</p> <p>Dialogmøte med kommunane og opplæringskontor: fylkesdirektøren initierar årlege dialogmøter med kommunane og opplæringskontora der heilskapen i opplæringsløpet er tema.</p> <p>Plan for kompetanseheving: Alle rådgjevarar i Sogn og Fjordane fylkeskommune skal saman med leiar utarbeide ein plan for kompetanseutvikling for å auke den einskilde sin rådgjevarkompetanse, med</p>	

	mål om å vere i tråd med tilrådde kompetansekrav frå utdanningsdirektoratet.
Lovgrunnlag og/eller heimel:	<p>Rådgiving og skulebibliotek – lova § 9-2 Elevane har rett til nødvendig rådgiving om utdanning, yrkestilbod og yrkesval og om sosiale spørsmål. Departementet gir nærmare forskrifter.</p> <p>Generelt om retten til rådgiving - forskrifta § 22-1 Den enkelte eleven har rett til to ulike former for nødvendig rådgiving: sosialpedagogisk rådgiving og utdannings- og yrkesrådgiving.</p> <p>Sosialpedagogisk rådgiving - forskrifta § 22-2 Den enkelte eleven har rett til nødvendig rådgiving om sosiale spørsmål.</p> <p>Utdannings- og yrkesrådgiving - forskrifta § 22-3 Den enkelte elev har rett til rådgiving om utdanning, yrkestilbod og yrkesval.</p> <p>Opplæringslova Forskrift til opplæringslova</p>
Kontaktperson:	Teamleiar Frode Grøtnebø Frode.kristian.grottebo@sfj.no 97653769
Relevante lenker på nettet:	Rådgjeving udir